



Arkivnr: 2016/34511-5

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		15.03.2017
Fylkesutvalet		30.03.2017

Søknad frå Oslobuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - IKEA

Samandrag

Oslobuss AS har søkt om ruteløyve for gratisbuss på strekninga Bergen sentrum – IKEA utan å utføre lokaltransport på strekninga. Oslobuss AS har ikkje dokumentert at dei har inngått avtale med IKEA om drift av gratisbussrute. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at det er grunnlag for å tildele ruteløyve, og rår til at søknaden vert avslått.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner ikkje søknad av 05.01.17 frå Oslobuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – IKEA.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.03.2017

Bakgrunn

Oslobuss AS (OB) har i brev av 05.01.17 søkt om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – IKEA. Fylkesutvalet skal etter fritt skjøn vurdere om søknaden skal godkjennast.

Saksopplysningar

Søknaden gjeld persontransport i rute som skal vere open for alle, utan betaling. Ruta skal etter det opplyste drivast etter avtale med Ikea AS. OB har ikkje dokumentert at det er inngått avtale med IKEA om drift av ei slik rute. IKEA har inngått avtale med Turbuss Vest AS om ei slik rute.

Fylkesrådmannen si vurdering

Vilkåret for å driva ei gratis bussrute er at det er ei ekstern finansiering på plass. I søknaden har Oslobuss AS lagt til grunn at dei har ein avtale med IKEA om finansiering av drifta. Fylkesrådmannen har så langt ikkje fått dokumentasjon på at slik avtale ligg føre. IKEA har stadfesta at dei har inngått avtale med Turbuss Vest AS om slik transport.

Fylkesrådmannen finn ut frå dette at Oslobuss AS ikkje har finansielt grunnlag for å driva gratisbussrute mellom Bergen sentrum og IKEA, og kan difor ikkje rå til at søknaden vert godkjent.